

# Eksamen

16.11.2023

NOR1212 Norsk sidemål  
NOR1232 Norsk sidemål



Sjå eksamenstips på baksida!  
Se eksamenstips på baksiden!

# Nynorsk

Eksamensinformasjon	
<b>Tid</b>	Eksamen varer i 5 timar.
<b>Hjelpemiddel</b>	Hjelpemiddel er til dømes faglitteratur, ordbøker og kalkulator. Du kan bruke hjelpemiddel, med nokre unntak: <ul style="list-style-type: none"><li>• Du har berre tilgang til nokre utvalde nettressursar.</li><li>• Du kan ikkje bruke omsetjingsprogram.</li><li>• Du kan ikkje bruke hjelpemiddel som gjer det mogeleg å kommunisere. Det betyr at du ikkje kan bruke mobiltelefon, programvare for samskriving, chat eller liknande.</li><li>• Du kan ikkje bruke automatisk tekstgenerator som chatbot eller tilsvarende teknologi.</li></ul>
<b>Bruk av kjelder</b>	Du må føre opp eventuelle kjelder du bruker i svaret ditt, slik at sensor kan finne fram til dei. Det inneber at du må skrive <ul style="list-style-type: none"><li>• namn på forfattar og tittel på bøker og andre skriftlege kjelder</li><li>• nettadresse og dato for når du henta informasjonen frå internett</li></ul> Eksamenssvaret ditt blir kontrollert for plagiat. Dersom du ikkje har ført opp kjelder du har brukt, kan det påverke vurderinga av svaret ditt.
<b>Informasjon om oppgåva</b>	Du skal svare på oppgåva i del A. I del B er det tre oppgåver, og du skal svare på éi av dei. Bruk linjeavstand 1,5 og skriftstorleik 12.
<b>Vedlegg</b>	NRK.no: «Resteplassen». Utdrag frå episode 1, sesong 1 i TV-serien VGS, NRK.no <a href="https://tv.nrk.no/serie/vgs/sesong/1/episode/2/avspiller">https://tv.nrk.no/serie/vgs/sesong/1/episode/2/avspiller</a> (04.10.2023) NRK.no Utdrag frå episode 2, sesong 3 i tv-serien 19, NRK.no <a href="#">19 – Sesong 3 – NRK TV</a> (04.10.2023) Lavik, Maria. «Elena og Sofie». <i>Vi, dei fattige: åtte forteljingar om barnefattigdom</i> . Oslo: Samlaget, 2021 Mjør, Kjersti. «Snakk sant om livet». Utdrag frå <i>Olaug Bollestad. Snakk sant om livet</i> , Oslo: Det norske Samlaget, 2021 Oma, Peter Øygard: «Naturen forsvinner, men vi får det ikke med oss» NRK Ytring 22.01.2023 <a href="#">Naturen forsvinner, men vi får det ikke med oss – Ytring (nrk.no)</a> (04.10.2023) Sapieżyńska, Ewa. <i>Jeg er ikke polakken din</i> . Oslo: Forlaget Manifest, 2022. Utdrag Shakar, Zeshan. <i>De kaller meg ulven</i> . Oslo: Gyldendal, 2022. Utdrag Skram, Amalie. «Karens jul», utdrag. Først publisert i julenummeret av den danske avisa <i>Politiken</i> i 1885. Språkleg modernisert og tilrettelagd.
<b>Vurdering</b>	Sjå eksamensrettleiinga med kjenneteikn på måloppnåing til sentralt gitt skriftleg eksamen. Eksamensrettleiinga finn du på Utdanningsdirektoratets nettsider.

## Nynorsk

Du skal svare på oppgåva i del A og på éi av oppgåvene i del B. Legg merke til at det står ein kommentar under kvar oppgåveinstruks. Kommentaren er til hjelp for å løyse oppgåva.

### Del A Kortsvarsoppgåve

Svaret bør ikkje vere på meir enn cirka 250 ord.

Vedlegg:

- «Resteplassen», utdrag frå episode 2, sesong 1 i TV-serien VGS, NRK.no
- «19 – sesong 3», utdrag frå episode 1, sesong 3 i tv-serien 19, NRK.no

Dei to vedlagde tekstane er utdrag frå tv-seriar for ungdom, og har eksempel på talemålsvariasjon hos unge menneske i Noreg i dag.

Gjer greie for nokre særtrekk ved talemålsvariantane i vedlegga. Bruk relevant fagspråk og eksempel frå vedlegga.

Kommentar: Du skal bruke kunnskap du har om talemålsvariantar i Noreg i dag. Bruk relevant fagspråk og eksempel frå vedlegga.

### Del B Langsvarsoppgåver

Du skal velje éi av dei tre oppgåvene. Skriv nummeret på den oppgåva du vel, og lag overskrift sjølv.

#### Oppgåve 1

Vedlegg:

- «Karens jul» av Amalie Skram, 1885, utdrag frå novelle
- «Elena og Sofie» av Maria Lavik, frå sakprosaboka *Vi, dei fattige: åtte forteljingar om barnefattigdom*, 2021

Dei vedlagde tekstane kastar lys over fattigdomsproblematikk i to ulike tidsperiodar. Samanlikn form og innhald i tekstane, og reflekter over dei i lys av den kulturhistoriske samanhengen dei er skrivne i.

Kommentar: Du skal samanlikne både form og innhald i dei vedlagde tekstane. Du skal bruke relevant fagspråk og konkrete eksempel frå vedlegga. Når du reflekterer, skal du bruke kunnskap om tida tekstane er skrivne i.

Du finn oppgåve 2 og 3 på neste side.

## Oppgave 2

Vedlegg:

- «Jeg er ikke polakken din» av Ewa Sapieżyńska, 2022, utdrag
- «Snakk sant om livet» av Kjersti Mjør, 2021, utdrag
- «De kaller meg ulven» av Zeshan Shakar, 2022, utdrag

«Ordene kan bygge noen opp. Eller ned», står det i den vedlagde teksten av Ewa Sapieżyńska.

Skriv ein resonnerande tekst der du gjer greie for tematikken i vedlegga og drøftar korleis språkbruk kan henge saman med kven som har makt i eit samfunn.

Kommentar: Når du gjer greie for tematikken, skal du vise at du forstår dei vedlagde tekstane. Når du drøftar, skal du bruke kunnskap om korleis språkbruk kan henge saman med kven som har makt i eit samfunn.

## Oppgave 3

Vedlegg:

- «Naturen forsvinner, men vi får det ikke med oss» av Peter Øygard Oma, 2023

Analyser den vedlagde teksten. Bruk omgrep frå retorikken.

Kommentar: Du skal skrive om både form og innhald i den vedlagde teksten. Du skal bruke relevant fagspråk og konkrete eksempel frå vedlegget.

## Bokmål

<b>Eksamensinformasjon</b>	
<b>Tid</b>	Eksamen varer i 5 timer.
<b>Hjelpemidler</b>	Hjelpemidler er for eksempel faglitteratur, ordbøker og kalkulator. Du kan bruke hjelpemidler, med noen unntak: <ul style="list-style-type: none"><li>• Du har bare tilgang til noen utvalgte nettressurser.</li><li>• Du kan ikke bruke oversettelsesprogrammer.</li><li>• Du kan ikke bruke hjelpemidler som gjør det mulig å kommunisere. Det betyr at du ikke kan bruke mobiltelefon, programvare for samskriving, chat eller lignende.</li><li>• Du kan ikke bruke automatisk tekstgenerator som chatbot eller tilsvarende teknologi.</li></ul>
<b>Bruk av kilder</b>	Du må oppgi eventuelle kilder du bruker i svaret ditt, slik at sensor kan finne fram til dem. Det innebærer at du må skrive <ul style="list-style-type: none"><li>• navn på forfatter og tittel på bøker og andre skriftlige kilder</li><li>• nettside og dato for når du hentet informasjonen fra internett</li></ul> Eksamenssvaret ditt blir kontrollert for plagiat. Hvis du ikke har oppgitt kilder du har brukt, kan det påvirke vurderingen av svaret ditt.
<b>Oppgavene</b>	Du skal svare på oppgaven i del A. I del B er det tre oppgaver, og du skal svare på én av dem. Bruk linjeavstand 1,5 og skriftstørrelse 12.
<b>Vedlegg</b>	NRK.no: «Resteplassen». Utdrag fra episode 2, sesong 1 i TV-serien VGS, NRK.no <a href="https://tv.nrk.no/serie/vgs/sesong/1/episode/2/avspiller">https://tv.nrk.no/serie/vgs/sesong/1/episode/2/avspiller</a> (04.10.2023) NRK.no Utdrag fra episode 1, sesong 3 i tv-serien 19, NRK.no <a href="#">19 – Sesong 3 – NRK TV</a> (04.10.2023) Lavik, Maria. «Elena og Sofie». <i>Vi, dei fattige: åtte forteljingar om barnefattigdom</i> . Oslo: Samlaget, 2021 Mjør, Kjersti. «Snakk sant om livet». Utdrag fra <i>Olaug Bollestad. Snakk sant om livet</i> , Oslo: Det norske Samlaget, 2021 Oma, Peter Øygard: «Naturen forsvinner, men vi får det ikke med oss» NRK Ytring 22.01.2023 <a href="#">Naturen forsvinner, men vi får det ikke med oss – Ytring (nrk.no)</a> (04.10.2023) Sapieżyńska, Ewa. <i>Jeg er ikke polakken din</i> . Oslo: Forlaget Manifest, 2022. Utdrag Shakar, Zeshan. <i>De kaller meg ulven</i> . Oslo: Gyldendal, 2022. Utdrag Skram, Amalie. «Karens jul», utdrag. Først publisert i julenummeret av den danske avisen <i>Politiken</i> i 1885. Språklig modernisert og tilrettelagt.
<b>Vurdering</b>	Se eksamensveiledningen med kjennetegn på måloppnåelse til sentralt gitt skriftlig eksamen. Eksamensveiledningen finner du på Utdanningsdirektoratets nettsider.

## Bokmål

Du skal svare på oppgaven i del A og på én av oppgavene i del B. Legg merke til at det står en kommentar under hver oppgaveinstruks. Kommentaren er til hjelp for å løse oppgaven.

### Del A Kortsvarsoppgave

Svaret bør ikke være på mer enn cirka 250 ord.

Vedlegg:

- «Resteplassen», utdrag fra episode 2, sesong 1 i TV-serien VGS, NRK.no
- «19 – sesong 3», utdrag fra episode 1, sesong 3 i tv-serien 19, NRK.no

De to vedlagte tekstene er utdrag fra tv-serier for ungdom, og har eksempler på talemålsvariasjon hos unge mennesker i Norge i dag.

Gjør greie for noen særtrekk ved talemålsvariantene i vedleggene. Bruk relevant fagspråk og eksempler fra vedleggene.

Kommentar: Du skal bruke kunnskap du har om talemålsvarianter i Norge i dag. Bruk relevant fagspråk og eksempler fra vedleggene.

### Del B Langsvarsoppgaver

Du skal velge én av de tre oppgavene. Skriv nummeret på den oppgaven du velger, og lag overskrift selv.

#### Oppgave 1

Vedlegg:

- «Karens jul» av Amalie Skram, 1885, utdrag fra novelle
- «Elena og Sofie» av Maria Lavik, fra sakprosa boka *Vi, dei fattige: åtte forteljingar om barnefattigdom*, 2021

De vedlagte tekstene belyser fattigdomsproblematikk i to ulike tidsperioder. Sammenlign form og innhold i tekstene, og reflekter over dem i lys av den kulturhistoriske sammenhengen de er skrevet i.

Kommentar: Du skal sammenligne både form og innhold i de vedlagte tekstene. Du skal bruke relevant fagspråk og konkrete eksempler fra vedleggene. Når du reflekterer, skal du bruke kunnskap om tida tekstene er skrevet i.

## Oppgave 2

Vedlegg:

- «Jeg er ikke polakken din» av Ewa Sapieżyńska, 2022, utdrag
- «Snakk sant om livet» av Kjersti Mjør, 2021, utdrag
- «De kaller meg ulven» av Zeshan Shakar, 2022, utdrag

«Ordene kan bygge noen opp. Eller ned», står det i den vedlagte teksten av Ewa Sapieżyńska.

Skriv en resonnerende tekst der du gjør rede for tematikken i vedleggene og drøfter hvordan språkbruk kan henge sammen med hvem som har makt i et samfunn.

Kommentar: Når du gjør rede for tematikken, skal du vise at du forstår de vedlagte tekstene. Når du drøfter, skal du bruke kunnskap om hvordan språkbruk kan henge sammen med hvem som har makt i et samfunn.

## Oppgave 3

Vedlegg:

- «Naturen forsvinner, men vi får det ikke med oss» av Peter Øygard Oma, 2023

Analyser den vedlagte teksten. Bruk begreper fra retorikken.

Kommentar: Du skal skrive om både form og innhold i den vedlagte teksten. Du skal bruke relevant fagspråk og konkrete eksempler fra vedlegget.

# Resteplassen

*I dette utdraget frå tv-serien VGS møter vi Amalie og Cassy. Amalie er ny på skolen, og Cassy gir henne råd om korleis ho skal gå fram for å få bli med på ein av dei mest populære russebussane.*

- Cassy: Amalie. Du har nettopp fått deg ny bestevenn, og vi skal ut i skolegården og skaffe bussplass.
- Amalie: Du ... Ja, takk for tilbudet og sånn. Men jeg har venner egentlig.
- Cassy: Lara? Tro meg, Lara er ikke din venn!
- Amalie: OK, hvorfor ikke?
- Cassy: Bare stol på meg. For real, I'm not a scammer.
- Amalie: Jeg har nettopp møtt deg, jeg stoler ikke på fremmede.
- Cassy: Jeg vet alt som skjer på skolen. Og det jeg vet, er at du burde få ræva i gir, gå ut i skolegården og sjarmere A-bussguttene. Spesielt Josef. For det er han Hedda og Vikky dør for. OK? Hedda er liksom the boss på deres buss. Det er henne du vil ha approval av. Men det er Josef som er nøkkelen. Du skjønner?
- Amalie: Du mener ikke at jeg skal gå ut der og drite meg ut foran alle sammen?
- Cassy: You are literally a babe. Hvis ikke Josef ser det jeg ser, har han øyne i ræva. Come on! Jeg vet at du vil.
- Amalie: Greit.
- Cassy: Yes! Gotta love the drama!

NRK.no, 2022 <https://tv.nrk.no/serie/vgs/sesong/1/episode/2/avspiller>

## 19 – sesong 3

*I tv-serien 19 møter vi ungdom som bur på Stovner i Oslo. Serien handlar om korleis det er å vere ung og fleirkulturell i ein storby. I dette utdraget sit dei saman i eit lydstudio der dei skal lage ein rap. Den eine guten, lbo, kjem inn i studioet med ein ispose etter å ha vore i ein slåsskamp.*

- Walla, du har jo ekte vondt, jo!
  - Ja, hva tror du?
  - Tror du virkelig jeg kødder om det her? Det var dritlø.
- (klabber til kompisen)
- Hva gjør du?
  - Du vet du fortjente det.
  - Ok. Lowkey, jeg gjorde det. Chillern! Sett på ny. Hør på det her, bror.
- (de setter på musikk og hører på låten)



- Han kan ikke rappe!
- Hva kan du om musikk?
- Og du, wallah, du har blitt gora, mann. Du har helt glemt hvordan en dum låt høres ut.
- Hvem faen har vært her hver dag?
- Snart vi ser deg med midtskill og poloskjorte!
- Jeg vet ikke hva folka på skolen heter en gang!
- Bror, hele skolen din har hytter og sånn. De drikker kakao på fritiden sin! Karen skal begynne å ta ski til skolen.
- Du er syk i hodet ditt.
- Vet du hvem Yosef her? Han høye med afro? Han flytta til Keller, eller hva faen det heter, og ble helt norsk, henger bare med gora.
- Ikke Keller, det heter Kjeller.
- Han begynner å rette på meg?
- Bare fordi jeg kan norsk, eller! Skal jeg snakke somalisk? Hoya hoyo! Jeg kommer aldri til å bli gora. Stovner er hooden min.
- Du er allerede gora.
- Hold kjeften din.
- Jeg kommer sterkt tilbake. Og jeg har sagt det hundre ganger. En etter en. Jeg og Emrah har en plan.
- Walla, hva sier han?
- Han tror han er Egon Olsen, bror.
- Hvem faen er Egon Ölsen?
- Det er Olsenbanden!
- Hvem er gora nå?
- NRK. Barndommen min.
- Du har mista det, bror.

NRK.no, 2021 <https://tv.nrk.no/serie/17/sesong/3/episode/1/avspiller>

**gora:** hvit person

**dum:** her: bra

# Karens jul

Novella «Karens jul» handlar om ei ung, einsleg mor og eit nyfødd barn som er i ferd med å fryse i hel i eit lite skur på ei kai i Kristiania. I utdraget har ein politimann oppdaga at ho og barnet held til i skuret, og Karen prøver å overtale politimannen til å få bli.

«Å herregud, herr polleti – la meg få væra her», lespet hun gjennom gråten. «Je skal inte gjøra ugagn, inte det verdige grann – holde rent etter meg – Dere ser selv – her er ingen urenslighet – det der er brødskorper.» – Hun pekte på et filleknytte nede på gulvet. «Je går og tigger om dagene. – I flaska er det en skvett vann. – La meg få væra her om nettene, tedess je får plassen min tilbake – bare madammen kommer» – hun holdt inne og snøt seg i fingrene, som hun tørket av på skjørtet.

«Madammen, hvem er så det da?» spurte konstabelen.

«Det var henne je tjente hos. – Je hadde slik pen kondisjon med 4 kroner mån'en og frukost, men så kom je i uløkka, og så måtte je jo vekk, forstås. Madam Olsen gikk sjæl og fikk meg på Stiftelsen, hu er så snill, madam Olsen, og je var i tjenesten like til dess je gikk på Stiftelsen og la meg, for hu er aleine, madam Olsen, og hu sa hu sku beholde meg, tedess je inte ku' orke mer. Men så kom dette på, at madam Olsen sku' reise, for hu er jordmor, madam Olsen, og så ble hu syk liggendes der oppe på landet, og nå sier dem hu kommer inte før til jula.»

«Men gudbevare meg vel, å gå slik og slepe omkring med ungen mens du venter på madammen. Kan det være mening i slikt noe?» Konstabelen rystet på hodet.

«Je har ingenstans å væra» – sutret hun. «Nå siden far min døde, er det ingen til å ta meg i forsvar når stemor mi kaster meg ut.»

«Men barnefaren da?»

«Han da,» sa hun og gjorde et lite kast med nakken. «Der er nok inte nå'en skikk å få på ham lell.»

«Men du vet da vel det, at du kan få'n dømt til å betale for barnet?»

«Ja, dem sier så,» – svarte hun. «Men hosdan ska'n bære seg at, når han inte fins?»

[...]

«Gud bevare meg vel for et stell,» mumlet konstabelen. «Du må gå og melde deg til fattigvesenet,» sa han høyere, «så det kan bli en greie på detteneherre.»

«Nei, det gjør je inte,» svarte hun plutselig stedig.

«Det er da vel bedre å komme på Mangelsgården og få mat og husly, fremfor det du går på nå,» sa konstabelen.

«Ja, men når bare madam Olsen kommer – hu er så snill, madam Olsen – hu tar meg til månespike, je veit det så visst, for hu lovte det – så kjenner je e kone som vil ta oss i losji for 3 kroner mån'en. Hu vil passe ungen mens je er hos madam Olsen, og så ska je gjøre henneses arbe', når je kommer fra madammen. Det blir så vel alt sammen, når bare madam Olsen kommer, og hu kommer til jula, sier dem.»

«Ja, ja, jenta mi, hver som er voksen, rår seg sjøl, men her har du ingen rettighet til å oppholde deg.»

Utdrag fra novella *Karens jul*, først utgitt i 1885. Språklig tilrettelagt.

# Elena og Sofie

I handa har Elena eit rosa lodd. Papirlappen minner meg om dei trauste basarane som var fritidstilbodet i den vestlandsdalen der eg vaks opp. Men lodd nummer 90 er ikkje med på å finansiera misjonering i Nepal. Den rosa lappen går til eit meir lokalt formål: å redda jula for Elena og dottera Sofie på seks.

Fleire av dei som står her og hutrar på Grønland i Oslo, ser ut til å bu på gata. Dei har raske, nervøse rørsler og unngår blikkontakt. Som dei fleste andre i denne gruppa har Elena utanlandsk opphav. Likevel skil ho seg ut. Blikket er roleg, ryggen rett. Det krusa håret har ho sett opp med ein tjukk hårstrikk. Munnen hennar har ein fin boge, og søvnmangelen klarer ikkje å skjula at ho er vakker.

Elena er blitt ekspert på å vera fattig. Ho veit tid og stad for dei ulike matutdelingane i byen. Ofte går ho innom ei utdeling på veg heim frå vaskejobben. På kjøkkenbordet heime ligg lappar som skal gje gode opplevingar i jula. To billetter til ei teaterforestilling for barn, dei har ho fått av Krisesenteret. Eit gåvekort til ein sportsbutikk, donert av Frelsesarmeen.

Gåvekortet skal gå til nye vintersko til Sofie. Den tynne, aktive jenta veks fort. Dottera er ein viktig grunn til at Elena står her i dag. Ho vil ikkje at seksåringen skal merka at dei har lite. Kjøleskapet skal fyllast opp, og julefeiringa skal sikra minne som Sofie kan fortelja om til dei andre i klassen. Elena fører ein dagleg kamp for normalitet for dottera.

Unge hipsterpar med dyre barnevogner går forbi, men Elena ser ikkje vekk. Før skamma ho seg over å stå her. Men ikkje no lenger. Ho seier ho er ferdig med skamma.

Midt blant oss ruvar ein mann i rosa vest. Det er han som er sjefen i dag. Han jobbar som frivillig for Fattighuset og snakkar med myndig røyst til dei som prøver å snika i køen. Me står og heng rundt han, ventar. Så plutseleg begynner han å lesa opp tal.

71. 72. 73. Fleire hender strekker fram lodd. Mannen i rosa vest les på ein og ein lapp, sjekkar at tala stemmer. Så sender han dei heldige over gata i retning Fattighuset. Dei spring i sikksakk mellom bilane som køyrer forbi. Elena og eg står igjen og fryser og ventar på talet 90.

85. 86. 87. Så blir det vår tur. Me tek sats og spring ut i trafikken. [...]

Ved inngangen til Fattighuset står ei dørvakt med streng munn. Elena smiler og held opp lodd nummer 90. Ho får gå inn, og etter nokre minutt kjem ho tilbake med tre store bereposar. Me stoppar i ei sidegate for å sjekka fangsten. Det første Elena gjer, er å kontrollera utløpsdatoen på

varene. Dei fleste er bra, dei held seg gjennom jula. Det er ordentleg mat i posen: mozzarellaost, buntar med vårløk, små cherrytomatar.

Ho finn ei pakke med ferske kongereker. «Desse er så gode! Og så dyre!»

Elena er glad for all maten ho får frå ulike organisasjonar. Utfordringa er at det då er opp til andre kva som hamnar i kjøleskapet hennar. Ho prøver å planlegga slik at ho får brukt opp all maten, men det går ikkje alltid. Stundom får ho mat som held på å gå ut på dato, og som ho ikkje rekk å eta opp. Andre gonger får ho ting ho ikkje liker, som boksar med raudbetsalat. Dei hamnar ofte i søpla. Elena liker ikkje å kasta mat.

Å vera ekspert på å vera fattig tek både overskot og tid. Elena må kartlegga dei tilboda som finst, reisa til og frå, stå i kø. Det er ikkje alltid så lett å finna overskot i ein kvardag med ei aktiv dotter, ein tung vaskejobb og eit liv på ein liten eittroms.

Om to dagar er det den mørkaste dagen i året. Den sure nullgradarslufta trenger seg inn under jakka og gjev ikkje mykje til julestemning. Det er ingen snø til å lysa opp den gråsvarte asfalten eller dei nakne trea. På veg til T-banen fortel Elena om juleplanane ho har for seg og dottera Sofie. Sjølvaste julekvelden er det Kirkens Bymisjon som står for. Ho har fiksa billettar som gjev gratis gudsteneste, julefest og middag. Dei to var med på det same arrangementet i fjor. Alt var så ordentleg: ein pianist som spelte, og ei fin preike frå presten. Han snakka om einsemd i jula. Elena hugsar kor rørt ho blei.

Med hjelp frå ulike velgjerande organisasjonar er jula nesten i boks. Berre litt frukostblanding og mjølk manglar, og det kan Elena kjøpa på butikken. Grålyset er på veg over til mørker då me ønsker kvarandre god jul og går kvar til vårt.

Av Maria Lavik. Frå *Vi, dei fattige: åtte forteljingar om barnefattigdom*. 2021

# Jeg er ikke polakken din

Jeg savner den jeg var da jeg kunne beskrive verden på morsmålet mitt. Jeg savner polske ordspill og en mer leken, metaforisk måte å uttrykke meg på. Men å skrive på norsk er disiplinerende. Jeg liker å kunne skrive korte setninger uten å bli beskyldt for å ikke være intellektuell nok. Jeg liker presisjonen sammensatte ord kan gi. Jeg liker å kunne gå til sakens kjerne uten for mange omveier. På spørsmålet om hvorfor han valgte å bytte skriftspråk – fra morsmålet engelsk til fransk – svarte Samuel Beckett at han trengte å «være dårlig utstyrt». Med færre redskap må man fokusere på essensen.

Det er ikke bare vi som behersker språket. Språket behersker også oss.

Ordene kan bygge noen opp. Eller ned.

Da en kollega fortalte meg at jeg snakket «gebrokkent norsk» og dermed ikke burde representere organisasjonen vår på radio, klarte jeg bare å smile vagt og så gjemme meg på toalettet.

I ettertid tenker jeg at det min kollega mente å si, var at jeg har aksent. Og det har jeg jo, en ikke så sterk, men gjenkjennelig polsk aksent. Er dette skammelig for min arbeidsgiver? Hadde det vært annerledes om jeg hadde hatt fransk, tysk eller britisk aksent? Er aksenten et problem fordi den avslører at jeg er polsk?

Av Ewa Sapieżyńska. Utdrag fra sakprosa boka *Jeg er ikke polakken din*, 2022

# Snakk sant om livet

Eg er så langt frå ein politisk broiler som eit menneske kan koma, og landa i politikken med eit brak. Eg var 42 år og hadde aldri vore på eit politisk møte før mitt første kommunestyremøte. Herrepitter, eg hadde ikkje snøring, eg hadde ikkje eingong meldt meg inn i partiet enno. Eg var fritalande og utan filter, og det var nok som ei mellomstor bombe detonerte i kommunestyresalen. Samtidig er det flott at heilt vanlege folk, som meg, kan bli politikarar i det norske systemet.

Men eg strevde med å forstå det politiske språket. Representantane snakka om kommuneplan og delplan, politisk del og samfunnsdel, om alskens lovverk og vedtak. Kven søren forstår det? Eg las sakspapir til auget vart stort og vått, og tenkte: Kva er det eg les? Er eg så dum? At språk er makt, må me aldri gløyma. Gjer me språket utilgjengeleg for andre, skapar me demokratisk ubalanse, og ikkje berre i politikken.

Første gong eg var på bedehuset, forstod eg ikkje ein drit av det som blei sagt. Då eg blei sjukepleiar, såg eg dei stakkars pasientane ligga der med klinkekuleauge etter legevisitten. Dei hadde ikkje skjønt eit kløyva ord av det legen hadde sagt. Eg begynte å gå rundt med teikneblokk og ein raud og blå blyant i uniformslomma. Når legen hadde gått, sette eg meg ofte på sengekanten til pasienten og teikna og fortalde kva legen eigentleg hadde meint. Både for ungar og for vaksne teikna eg insulin som blå lastebilar som fraktar sukker inn i årene våre; eg teikna raude blodlekamar med fire krokar, hengde oksygenposar på dei og forklarte korleis dei reiser rundt i kroppen vår og leverer surstoff. Har du ikkje nok krokar, sa eg, blir du tungpusta, fordi du får for lite surstoff. «Å, var det det legen meinte», sa dei. (...)

I politikken var det min tur til å ha klinkekuleauge, og eg måtte stilla meg ein del spørsmål: Kvifor brukar me eit slikt språk. Kven er politikken for? Politikk handlar om livet rundt oss og kva verdiar me trur på, og då meiner eg bokstavleg talt heilt ned i plan- og bygningslova. Men folk må få sjansen til å begripa kva politikarane snakkar om. Då betyr det noko kva ord me vel, og som nyvald lokalpolitikar bestemte eg meg for éin ting: Eg vil snakka eit språk folk forstår. Eg veit at det alltid vil vera dei som synest eg er småenkel, fordi eg brukar eit enkelt språk. Men det, unnskyld uttrykket, drit eg i.

*Av Kjersti Mjør, 2021. Utdrag frå ein biografi om KRF-politikaren Olaug Bollestad.*

# De kaller meg ulven

Vi strømmen ut i skolegården. For tidlig ennå til å ha lært oss skolegårdens språk. All støyen virka som en skingrende stemme, ikke tusenvis av ord, beskjeder om hvor vi kunne gå, hva som var mulig for oss.

– «Fløtt deg.» En andreklassing skubba meg i ryggen da jeg sto og venta på at turnstengene skulle bli ledige.

– «Vi går et annet sted.» En norsk gutt i klassen min dro i meg. Vi gikk sammen forbi den store grusbanen der femte- og sjetteklassingene spilte fotball. Videre til lekeapparatene. Fullt. Huskene, klatrestativet, vi gikk fra apparat til apparat, som om vi var tilskuere til sirkeltrening, dreiv utover, til ytterkanten av skolegården, til den lave muren, ikke mer enn en halv meter høy, men tjukk nok til at det var tegna opp brett for tre på rad oppå den.

Han ville være småstein. Jeg var kvist. Vi plukka dem opp fra bakken. Uten tenkepause la vi brikkene ut på brettet annan hver gang til alle rutene var fylt.

Vi blei sittende og se på det. Ingen av oss hadde tre på rad. Han trakk på skuldra. – «Det er avgjort.»

– «Uavgjort», sa jeg. «Det er når det er likt.»

– «Det er ikke uavgjort, det er avgjort.

– «Det heter uavgjort.»

Han blei stille, stirra på kvister og stein. Så reiste han seg.

– «Jeg har mer rett enn deg», sa han.

– «Hvorfor?»

– «Fordi jeg kan norsk bedre.»

– «Det er ikke sant.» Jeg kunne stave flere ord enn ham.

– «Mamma og pappa er fra Norge. Det er ikke pappaen din.» Han så på meg, med et ansiktsuttrykk som utstrålte selvfølgelighet, som om det var en naturlov han hadde servert.

– «Du veit ikke at det heter uavgjort engang», svarte jeg.

– «Sånn er det», slo han fast med den samme minen.

Av Zeshan Shakar. Utdrag frå/fra romanen *De kaller meg ulven*, 2022

**tre på rad:** enkelt brettspill med 3x3 ruter / enkelt brettspill med 3x3 ruter

**kvist og småstein:** brukt som brikker i spelet/spillet tre på rad

# Naturen forsvinner, men vi får det ikke med oss

NRK Ytring, 22. januar 2023



Foto: Privat

*Vi lider av en endringsblindhet. Et psykologisk og sosialt fenomen som gjør at vi ikke merker at stadig mer natur går tapt.*

Fra tid til annen forteller faren min fiskehistorier fra barndommen. Om kampene med laks og sjøørret tatt på stang i Hardangerfjorden, og roturene hvor de dro opp kilovis med laks fra garn.

Til tross for at jeg som barn var godt over gjennomsnittet fiskeinteressert, ga jeg fort opp når laks og sjøørret stadig ble sjeldnere å få på kroken.

I dag er det omtrent større sjanse for å få rømt oppdrettslaks enn villaks, som vi nå er nødt til å kalle den, for å skille den fra sin oppavlede fetter.

Min far kan også fortelle at de stort sett hver vinter kunne gå på ski hjemmefra, helt nede fra fjorden, til bygdefjellene på 600–700 moh. I løpet av min oppvekst fantes vinteren stort sett bare i dalsidene og høyere.

I dag har klimaendringene ført til langt færre dager med snø. Noen steder vokser barn opp med kunstsne som en erstatning for originalen, eller «villsnø», et ord som dukket opp på slutten av nittitallet.



Våre besteforeldre og oldeforeldre kan fortelle historier fra en tid hvor villmarka i stor grad var intakt og sammenhengende, uten store menneskeskapte naturinngrep som hyttelandsbyer, motorveier, energianlegg, høyspentledninger og skogsbilveier.

Villmarka som for rundt hundre år siden utgjorde omkring halvparten av landet vårt, utgjør i dag bare 11,5 prosent.

Hvor vil jeg med denne romantiseringen av barndommens naturminner? Jo, jeg ønsker å vise hvordan hver generasjon bruker den naturen man opplevde som barn som en standard for hva som er normalt.

Dette psykologiske og sosiale fenomenet kalles «shifting baseline syndrom», eller på norsk, endringsblindhet. Enkelt forklart er det snakk om et kollektivt hukommelsestap. Fordi vi mangler minner og kunnskap om hvordan naturen var for generasjonene før oss, senkes standarden gradvis for hva vi anser som en sunn tilstand for naturen.

I en tid der jordens klima og økosystemer ødelegges i et stadig økende tempo, er endringsblindhet en klar utfordring for miljøpolitikk og forvaltning.

Vi mennesker bruker nesten dobbelt så mye av jordas ressurser som i 1980. På hele 75 prosent av jordas landareal har vi gjort endringer i den naturlige vegetasjonen. Flere arter står i fare for å bli utryddet nå enn på noe annet tidspunkt i menneskets historie.

Tap av natur, utryddelse av arter og klimaendringer burde fremkalle sterke reaksjoner og politisk handling. Men endringsblindheten bidrar til at vi ikke klarer å ta det innover oss.

Resultatet er at vi forholder oss til de pågående endringene i naturen som om det bare er noe som skjer utenfor vår kontroll, ikke resultater av våre egne handlinger.

Endringsblindheten er en usynlig kraft som lusker, ler og godter seg i skyggene, mens vi bygger ned naturen bit for bit. Vi river opp karbonrike myrer for å bygge enda flere hytter og større motorveier, hogger ned gammel naturskog og bygger ned friluftslivsområder. Det er jo bare en myr, noen gamle trær og et lite skogholt.

«Vi har så mye natur at vi må tåle å ofre litt», sies det ofte, til tross for at utallige rapporter og FNs naturpanel roper varsku.

I mangel av tilstrekkelig naturkartlegging og oversikt over økosystemenes tilstand, og gode verktøy til å forstå sumvirkningene av alle arealendringene over tid, har vi rigget utviklingen i samfunnet etter et snevert sett av verdier, der naturen stadig er taperen.

Hvordan kan vi motvirke at dette kollektive hukommelsestapet lar naturen, selve nasjonalskatten vår, forsvinne mellom fingrene våre?

I dag vil en gjennomsnittlig europeer som er så heldig å leve i 100 år, ha tilbrakt 90 av disse årene innendørs eller i et kjøretøy.

Urbanisering og teknologiutvikling har skapt en fysisk og mental distanse til den levende verden omkring oss.

Naturen, som vi en gang var så tett forbundet med, har for mange blitt en fremmed kulisse som vi ikke lengre kjenner eller forstår.

For å motvirke endringsblindheten trenger vi mer kontakt med natur-omgivelsene våre. Vi må bli kjent med naturen slik den er i dag, oppleve den og snakke høyt om den. Ikke glemme det vi har, det vi har hatt, men heller ikke hvordan vi trenger at naturen skal være i fremtiden.

Et viktig første steg for å få til det, er å bli klar over det kollektive hukommelsestapet vi som samfunn står overfor.

Spør foreldrene og besteforeldrene dine hvordan nærområdene deres så ut før. Lytt til natur- og friluftslivsorganisasjonene, som kjenner den lokale naturen bedre enn de fleste. Dette er en oppfordring ikke minst til politikerne som forvalter naturen vår.

Ved å bli klar over feilene som allerede er begått kan vi lære av dem.

Jeg lurer på hvilke naturminner fra barndommen jeg kommer til å dele med mine barn, og hvilke som allerede er tapt for dem?

Forhåpentligvis kan vi sammen skape nye minner fra en natur som ikke tilhører fortiden.

En intakt natur vi kan gjenoppleve sammen, når de er voksne og jeg er gammel.

Av Peter Øygard Oma, rådgivar/rådgiver, Norsk Friluftsliv

NRK Ytring 22.01.2023 [Naturen forsvinner, men vi får det ikke med oss – Ytring \(nrk.no\)](#) (04.10.2023)

Blank side

### **TIPS TIL DEG SOM AKKURAT HAR FÅTT EKSAMENSOPPGÅVA:**

- Start med å lese oppgaveinstruksen godt.
- Hugs å føre opp kjeldene i svaret ditt dersom du bruker kjelder.
- Les gjennom det du har skrive, før du leverer.
- Bruk tida. Det er lurt å drikke og ete undervegs.

**Lykke til!**

### **TIPS TIL DEG SOM AKKURAT HAR FÅTT EKSAMENSOPPGAVEN:**

- Start med å lese oppgaveinstruksen godt.
- Husk å føre opp kildene i svaret ditt hvis du bruker kilder.
- Les gjennom det du har skrevet, før du leverer.
- Bruk tiden. Det er lurt å drikke og spise underveis.

**Lykke til!**